

V2017


Evaluering av NORAN101 Norsk språk som andrespråk

Gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Kurset består av to forelesingar i veka (4 timar undervisning) over 13 veker. Det var fire ulike faglærarar som hadde undervisninga, men ein av desse fire hadde hovudvekta av undervisninga. Emneansvarleg hadde berre to forelesingar på emnet heilt i starten av semesteret.

Strykprosent og fråfall: Det var 36 studentar som var oppmelde til eksamen. Det var 25 studentar som tok eksamen. Det var 1 student som strauk til eksamen.

Karakterfordeling utover stryk:



Studieinformasjon: Informasjon på orienteringsmøte og på UiB sine nettsider.

Tilgang til relevant litteratur: Bøker som kan kjøpast på campus og på nettet, og pensumtekstar tilgjengelege i Litteraturkiosken.

Vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Dette har fungert heilt greitt.

Kommentarar til student-evalueringa

Det var dessverre berre åtte studentar som deltok i studentevalueringa (elektronisk). Seks av desse var alt i alt «ganske fornøyd» med emnet, to var «verken eller». Studentane er særleg godt nøgde med undervisninga og forelesingane, og fem av dei åtte meiner dei har fått «stort utbytte» av undervisninga. Det er ikkje like stor entusiasme for pensumet. Ein student nemner at samanhengen mellom dei ulike temaa, om det vart undervist i, kunne ha vore gjort tydelegare. Men det studentane trekk fram av det dei ikkje var så nøgde med, er at fleire forelesingar uti semesteret vart avlyste på kort varsel.

Oktober 2017, Ann-Kristin Helland Gujord (emneansvarleg)